

# Europaparlamentet: Høyring om tilhøve til EFTA/EØS-landa og Noreg

- *Mest merksemd om Sveits i høyringa i Europaparlamentet om den indre marknaden og tilhøvet til EFTA/EØS og Sveits i dag*
- *Mange understreka av fri rørsle av personar er grunnleggjande viktig og at Sveits må respektere sine internasjonale plikter*
- *I høve til EFTA/EØS-landa vart det framheva at etterslepet må vidare ned, men det vart lagt merke til at det har gått ned frå 2013*
- *Saksordførar sa han var villig til å endre omtalen av at EFTA/EØS-landa ber om stadig fleire unnatak og tilpasningar*
- *Utelukkande Sveits på agendaen i samband med drøftinga av fråsegna i Arbeids- og sosialkomiteen i dag*

Indre marknads- og forbrukarkomiteen (IMCO) [gjennomførte i dag i høyring](#) i samband med den eigeninitierte rapporten om den indre marknaden og tilhøve til EFTA/EØS-landa og Sveits. Saksordførar Andreas Schwab la fram sitt [utkast til rapport 30. mars](#). Det var 8-9 MEP tilstades på høyringa, inkludert Anne Sander (EPP, Frankrike) som er saksordførar i Arbeids- og sosialkomiteen (EMPL, sjå nedanfor) og Jørn Dohrmann (ECR, Danmark) som leiar Europaparlamentets delegasjon for tilhøve til EFTA/EØS-landa og Sveits. Dei fire inviterte innleiarane fekk god tid til å presentere sine synspunkt. Det var få konkrete spørsmål i etterkant.

Jørn Dohrmann sa innleiingsvis at det er viktig at IMCO set fokus på tilhøvet til desse landa som EU har ein nær og solid relasjon til. EØS-avtalen har sikra eit solid grunnlag for handel og økonomisk samkvem i over 20 år. For å sikre ein homogent indre marknad, er det viktig å sikre redusert etterslep og raskare implementering av direktiv. Han viste til at tilhøve til Sveits er meir komplisert, men vona at dei pågåande forhandlingane med Sveits vil gje resultat. Dei fire fridommene er ein hjørnestein i EU-samarbeide og er ikkje noko som er oppe til forhandling.

Andreas Schwab (EPP, Tyskland) viste til at IMCO hadde laga ein tilsvarande rapport i 2010. Han sa det er viktig at EFTA-landa respekterer dei reglane som gjeld i dei respektive avtalen. Berre dette kan sikree like konkurransevilkår.

Roberto BALZARETTI, den sveitiske EU-ambassdøren, la i sitt innlegg vekt på det tette og nære tilhøvet mellom Sveits og EU og at Sveits er viktig både som handelspartner og som investor. 1,3 millionar EU-borgarar bur i Sveits og talet har auka kraftig dei siste åra. 500 000 EU-borgarar pendlar til Sveits kvar dag. Dette er til gjensidig nytte for både Sveits og EU. Han minna om at avtalene Sveits har med EU ikkje medfører at dei fire fridommene gjeld i Sveits. Han sa EU må respektere folkeavstemminga, men var glad for at forhandlingane med EU er igang igjen. Sjansene for å få

ein forhandlingsløyising gjennom i Sveits vil auke dersom ein har ei pakke med avtaler som dekkjer også andre tilhøve enn migrasjon.

Den islandske EU-ambassadøren, Bergdis ELLERTSDOTTIR, snakka på vegne av dei tre EFTA/EØS-landa. Ho sa at Europaparlamentets rolle er kraftig styrka sidan EØS-avtalen av signert og at ho derfor var spesielt glad for at EP og IMCO set fokus på EØS-avtalen. Ho var samd i hovudelementa i rapporten og den overordna omtalen av at EØS-avtalen har vore viktig. Ho minna om at ei mogleg handels- og investeringsavtale (TTIP) mellom EU og USA også kan ha konsekvensar for EØS-avtalen. EFTA/EØS-landa er samde i behovet for å redusere etterslepet, og ny prosessar har allereie redusert etterslepet med 25 prosent. Samstundes viste ho til at måten EØS-avtalen er utforma på medfører at etterslepet aldri kan bli null. Ho ba om saksordføraren om å vurderer å endre omtalen i paragraf 7 som seier at EFTA/EØS-landa i aukande grad ber om unnatak og tilpasningar. Dette er ikkje korrekt sa ho. Det er også viktig å finne praktiske og balanserte institusjonelle løyisingar for deltaking i EUs byrå sidan ein del av etterslepet berre kan fjernast når dette er avklart for t.d. energimarknadsbyrået. Ho understreka at EFTA/EØS-landa ynskjer å jobbe tett med EU for å løyse utfordringane.

Professor i EU-rett Christa Tobler frå Universitetet i Leiden og Basel la vekt på skilnaden i tilknytning mellom EFTA/EØS-landa og Sveits. Medan EØS-avtalen gjeld alle dei fire fridomane, gjeld dette ikkje Sveits. Dette burde kome klarare fram i rapporten. Skilnaden medfører også at det er ulike utfordringar i tilhøvet og dei er størst i tilhøvet til Sveits. Resultatet av folkeavstemminga er i strid med avtaleverket mellom Sveits og EU.

Kristin SCHREIBER, direktør for god styring av den indre marknaden i Europakommisjonen DG GROW, sa utkastet til rapport var godt. Det sentrale i samarbeidet med dei aktuelle landa - og internt i EU - er å sikre homogenitet. Redusert etterslep og raskare implementering er sentralt her og EFTA/EØS-landa må skjere innsatsen ytterlegare. Det samstundes viktig og positivt at EØS/EFTA-landa deltek aktivt i t.d. Solvit, Internal Market Information System, Your Europe og andre typer samarbeid som skal bidra til ein effektiv indre marknad. Ho orienterte kort om at Kommisjonen har innleia forhandlingar med Andorra, Monaco og San Marino for å regulere deira tilknytning til den indre marknaden. I ei eller fleire avtaler med desse landa ynskjer EU ei institusjonell overbygging, uavhengig kontroll, at landa må etterleve EUs rettspraksis og at avtalen må sikre ei dynamisk inkludering av nytt regelverk. Ho sa EU har eit godt tilhøve til Sveits, men at relasjonen må vere basert på rettar og plikter for både avtalepartar. EU vil ha ein avtale om ei institusjonell overbygging også med Sveits og at dette m.a. må omfatta uavhengig kontroll og at Sveits etterlever EUs rettspraksis. Fri rørlse av personar er eit grunnleggjande prinsipp. Kommisjonen har respekt for folkeavrøystinga, men Sveits må også overhalde sine internasjonale plikter.

I debatten etterpå var det 5 MEP som tok ordet. Saksordføraren i EMPL, Anne Sander, orienterte om debatten som hadde vore i komiteen tidlegare på dagen (sjå nedanfor). Ho la spesielt vekt på at Sveits må ratifisere Kroatia-protokollen og respektere pliktene i Erasmus+-programmet. Skuggeordførar Maria Grapini (S&D, Romania) og Nicola Danti (S&D, Italia) la også vekt på at Sveits må respektere prinsippet om frie personrørsler og håpa på ei løyising. Anna Maria Corazza Bildt (EPP, Sverige) som leia høyringa, understreka også at dette er eit grunnleggjande prinsipp. Ho sa det var svært positivt at EFTA/EØS-landa har redusert etterslepet. Ho kommenterte at tilhøvet til EFTA-landa

ikkje berre handlar om samhandel og økonomi, men også har ein viktig sikkerheitspolitisk dimensjon.

Andreas Schwab sa avslutningsvis m.a. at han ville gjere framlegg om å endre paragraf 6 og 7 i rapporten slik at omtalen blir korrekt.

#### *Drøfting i Arbeids- og sosialkomiteen*

Også i [Arbeids- og sosialkomiteen \(EMPL\)](#) i Europaparlamentet sto EØS og Sveits på dagorden i dag. Komiteen skal gje ei fråsegn til IMCO og saksordførar Anne Sander (EPP, Frankrike) [presenterte sitt utkast i dag](#). Ho sa dei fire landa det er snakk om er viktige partnerar for EU og at tilhøvet i hovudsak er godt. Samstundes er det viktig å respektere dei fire fridommane og for EMPL er fri rørsle av personar spesielt sentralt. Det er viktig at EFTA/EØS-landa og Sveits implementerer og etterlever regelverket i den indre marknaden. Ho ba spesielt om at Sveits på implementere yrkeskvalifikasjonsdirektivet og sikre Kroatia same tilgang som andre EU-land og at Sveits må finne ei løysing knytt til Erasmus+-programmet. Det er opp til Sveits å komme med konstruktive framlegg til veggen vidare etter folkeavstemminga.

Det var deretter 6 andre MEP som tok ordet og alle kommenterte tilhøvet til Sveits.

Skuggeordførarane Marian Harkin (ALDE, Irland), Tatjana ŽDANOKA (Dei grønne, Latvia), Danuta JAZŁOWIECKA (EPP, Polen) og Jutta Steinruck (S&D, Tyskland) støtta alle hovudpunkta til saksordføraren. Dei sa det er viktig å få ei løysing med Sveits og at EU må vise ei fast haldning i dette spørsmålet. Det er ikkje akseptabelt å berre plukke godbitane i samarbeidet. Arne Gericke (ECR, Tyskland) snakka på vegne av skyggeordførar Amjad Bashir (Storbritannia) sa dei fire EFTA-landa er viktig handelspartnerar og at det er positivt at både utkastet til IMCO-rapport og fråsgna i EMPL fokuserer på vekst. Han sa EU må respektere folkeviljen i Sveits. Dominique Martin (Nasjonal Front, Frankrike) understreka også at Sveits har ein suveren rett til å fatt eigne vedtak.

SANDER fekk applaus frå mange i komiteen da ho avslutta debatten med å seie at det ikkje var snakk om manglande respekt for folkeviljen til sveitsarane, men at EU må ta omsyn til situasjonen til dei mange EU-borgarane som bur og arbeider i Sveits.

#### *Tidsplan*

Frist for å fremje endringsframlegg er 12. mai både i EMPL og IMCO. EMPL vil etter planen votere 22. juni og IMCO vil votere 16. juli.

Med helsing

Per S. Nestande



**Per S. Nestande**

Seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

Internasjonalt sekretariat

Tel: 23 31 36 11

Mob: 917 68 598

[psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)

[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)